

Fra: Turid Johanne Dalen <tuda@fitjar.kommune.no>

Sendt: torsdag 24. november 2022 15:27

Til: Kommunestyret <kommunestyret@Fitjarkomm.onmicrosoft.com>; Formannskapet <formannskapet@fitjar.kommune.no>

Emne: Budsjett 2023

Fagforbundet er svært bekymra for budsjettet forslaget til administrasjonen for 2023.

Fagforbundet ynskjer å belyse at dei 2 siste åra har budsjettet for heimebaserte tenester og FBB blitt redusert med 10,5 årsverk. Dette fører til at me ikkje klarer å avvikle ferie, helg og heilagdaggar med forsvarlig bemanning. Pasient talet vil ikkje gå ned om bebuarane går med på å flytte frå Havnahuset til FBB.

Flytting av bebuarar frå Havnahuset til FBB fører til at me ikkje kan ta imot ferdig behandla pasientar frå sjukehus, då me ikkje vil ha ledige rom. Det er eit lovkrav å ta imot ferdigbehandla pasientar.

Det er ikkje alle pasientar det er forsvarleg å ta heim.

Nedbemanning i heimesjukepleien fører til vansker med å ta pasienter heim. Det fører til meir ansvar til pårørende.

Ser at ein viser til årsturnus og velferdsteknologi skal være besparende. Årsturnus er ein måte å organisere arbeidskraft på. Ikkje besparende. Årsturnus kan bidra til å kunne auke stillinger om det vert gjort på riktig måte. Då må ein auke årsverk på fastlønn, for å dekke ledige vakter i årsturnusen. (jmf KS rapport, (sender den når eg får den tilsendt)

Kommunen har ikkje lykkast å rekruttere nok vikarar til å stette behovet i helse. Det fører til at faste tilsette jobber overtid for å dekke inn ledige vakter. Bruk av planlagt overtid er ikkje lov jmf AML lova. Bruken av overtid er dyrt. Bruk av overtid kan føre til slitasje og auka sjukefravær. For å rekruttere vikarar må kommunen tilby faste store stillingar i f.eks vikarpool, på lik linje med nabokommunane.

Velferdsteknologi er ikkje eit sparetiltak. Velferdsteknologi har ikkje ein økonomisk intensjon. Velferdsteknologi må søkjast om, følgjas og betalast lisens på. Velferdsteknologi deles inn i trygleiktskapande, meistringsteknologi, utrednings og behandling, og velvære teknologi. (KS si heimeside)

Ferieavviklinga 2022 var svært utfordrande å få til. Grunnbemanninga er for lav, slik at ein ikkje klarte å sette forsvarleg drift på alle vaktene. Det var for få kvalifiserte søkjarar til å væra sommarvikarar , og kommunen måtte nytta byrå i talet 200%

Budsjettet 2023 bygger ned helse ,reduksjon på 5,5 årsverk fører til at me ikkje klarer å halde på god kompetanse eller rekruttere. Reduksjonen fører til at me ikkje klarer å bemanne helg , ferie og helgedaggar forsvarleg. Med ein reduksjon av 5,5 årsverk i helse vil behovet for vikarar frå vikarbyrå vera 500% stilling i sommar for å avvikle ferien på ein forsvarleg måte. Ein kan ikkje sjå at dette er lagt inn i budsjettet.

I sommarmånadane har me fleire tenestemotakarar frå hyttene i Kråko.

Kommunen er pålagt å gje helsetenester til dei som oppheld seg i kommunen og har rett på tenester.

Belastning på leiarane og arbeidstakarane: å gå med ledige vakter i turnus over tid vert meir arbeid på arbeidstakarane. Leiarane opplever stor belastning i arbeidet med å skaffe vakter til ei kvar tid det går ut over anna arbeid og helse. Ein får ikkje arbeidsro til å gjere pålagte arbeidsoppgåver. Dette fører til avvik.

Ynskjer også å informere om at budsjetter til Heimebaserte tenester og FBB blir halde.

Ynskjer dykk lykke til med det krevjande budsjettarbeidet.

Med helsing

Turid Johanne Dalen, Fagforbundet